



SÆRAVTALE

Arbeidskleordning og klesgodtgjersle

År 2009 den 3. april blei det i Førde kommune sitt rådhus ført forhandlingar mellom Førde kommune på den eine sida og arbeidstakarorganisasjonane på den andre sida vedkomande særavtale om arbeidskleordning og klesgodtgjersle i Førde kommune.

Forhandlingane blei ført med heimel i SGS nr 1002 "Sentral generell særavtale vedkomande arbeidstøy og musikkinstrument".

Tilstades

<i>Arbeidsgjevar</i>	<i>Tillitsvalde</i>
<ul style="list-style-type: none">- Personalsjef Jan B Moe- Sakshandsamar Solveig M. Haugsvær- Konsulent Marta G. Olsen- Konsulent Haldis D. Stømnen- Konsulent Annborg Brekkhus	<p><u>Tilstade:</u></p> <ul style="list-style-type: none">- FO v/Jan Egil Haugland- Delta v/Marit Solheim- NSF v/Lillemor Huus- Fagforbundet v/Bjørn Hatlelid- Utdaningsforbundet v/Steinar Strømsli og Tor Inge Brenne- NITO v/Berit Holme- TEKNA v/Torill Anita Segtnan- NAFO v/ Magnus Mo- NFF v/Marita Brandsøy Lystad- HVO Anne Randi Skaflestad <p><u>Ikkje møtt:</u></p> <ul style="list-style-type: none">- Bibliotekforbundet, MFO, Dnlf, NPF,

Konklusjon

Etter møtet var partane samde om følgjande:

1. Arbeidskleordning og klesgodtgjersle i Førde kommune vert gitt i samsvar med vedlagde oversikt.

Denne baserer seg på følgjande ordning med inndeling i tre kategoriar:

Kategori 1: Tilsette i einingar som får arbeidskle stilt til disposisjon som er kjøpt inn av arbeidsgjevar

Dette er einingar som pr dd har ei ordning med arbeidskle. Noverande ordning vert såleis vidareført.

I oversikta er det utarbeidd framlegg til kva type klede som skal omfattast av ordninga. Lista skal behovsprøvast av einingsleiarane for det er ikkje slik at alle tilsette i eininga treng alle dei klede som her er lista opp.

Kategori 2: Tilsette i einingar som får klesgodtgjersle (sum kr pr mnd) og må kjøpe arbeidskle sjølve.

Tilsette innafor desse einingane skal sjølv kjøpe og vaske sine arbeidskle. Her vert det gitt ei månadleg klesgodtgjersle som vert utbetalt saman med

løna. Storleiken på godtgjeringa tek utgangspunktet i kjøpesummen på lista fordelt på tal leveår på klede.

Eks:

I oversikten kat. A; Bu og miljø er det framlegg på ytterjakke med 3 års varigheit med innkjøpspris på kr 1078,-. Delt over 3 år vert dette kr 359. Denne summen vert då delt på 12 månader og utbetalt månadsvis, men justert for stillingsprosent. Oversikten viser derfor utbetaling i 100 % stilling.

Deretter er det opp til einingsleiaren og dei tilsette om dei ønskjer å samkjøre sine innkjøp slik at same eining har like type skjorter osv. Dette må drøftast internt i kvar eining, men uniformering er ikkje noko krav frå Rådmann.

Kategori 3: Kombinasjon av dei to overfor

Dette omfattar tilsette ved Helsestasjon, Helsetunet og Pensjonistheimen. Her vil ein nytte fellesklede som er på Helsetunet, men vil få ei godtgjersle til sko som den tilsette må kjøpe sjølv.

Fellesbestemmelsar

For alle ordningar overfor gjeld følgjande:

- Ordninga gjeld for alle arbeidstakarar som er omfatta av HTA Kap 1 § 1.1.
- Utbetalt beløp vert justert i samsvar med arbeidstakaren sin faktiske stillingsstorleik.
Døme: 50% stilling = 50% av beløpet
- Beløpet som vert utbetalt månadsvis er årsbeløpet dividert med 12.
- Når grunnlaget for dekning/refusjon fell vekk, opphøyre også denne frå den dag endringa fann stad.
- Når arbeidstakar sluttar eller går over i permisjon som medfører at vedkomande ikkje arbeider i stilling si, så opphøyre ordninga ved sluttdato eller permisjonsdato.

2. Ordninga vert gjort gjeldane frå 1.4. 2009.
3. Særavtalen gjeld til 31.12.2009. Avtalen må seiast opp skriftleg minst tre månader før gyldigheitstida utløyper. Om avtalen ikkje er sagt opp innan fristen sitt utløyp, vert avtalen fornya for eitt år om gongen.
4. Partane kan uavhengig av punkt 3 foreta mindre justeringar av avtalen, til dømes satsane, om ein er samde om dette.
5. Einingane må vurdere behovet av felles vask av klede som kjem inn under kategori 2 ut frå eit hygienekrav.

6. Underskrift

Arbeidsgjevar

Arbeidstakarorganisasjonane